

Kyrkjeblad for Fjaler

NR. 1 MARS 2026

84. ÅRGANG



God påske!

Påske til å le av!

Det finst ein gammal kristen skikk som heiter påskelatteren. Den går ut på at påskedag kjem folk saman for å le, hjarteleg, djupt og befriande.

Skikken med påskelatteren går sannsynlegvis tilbake til ei påskentattpreike av den berømte kyrkjefaderen Johannes Chrysostomos omkring år 400. Han malte fram for kyrkjelyden korleis Kristus, då han var oppstått, oppsøkte djevelen og lo han like opp i andletet. Då lo kyrkjelyden òg.

Det er ei gåve å verkeleg kunne le, å gje seg over til latteren, miste sine forsvarsverk så tårene trillar og latteren tek over styringa i kroppen. Er det noko som kan passe på påskedag, må det vel vere nettopp det!

I alle fall var det akkurat det menneska ved Jesu tomme grav kjende på; den yrande gleda over at Jesus hadde vunne over døden, og at han var hos dei igjen. No var det berre glede og latter.

Hos Lukas kan vi lese om Emmausvandrarane, Kleopas og ein vi ikkje kjenner namnet på. På vegen frå Jerusalem til Emmaus møter dei ein mann. Det er den oppstadne Jesus. Men dei kjenner han ikkje att og veit

ikkje at han er stått opp av grava. «Hallo,» seier den framande, «Har de noko imot at eg slår følgje?» «Nei,» svarar dei. Og han fortset: «De var visst i ein djup samtale.» Og Kleopas seier: «Det er for grusomt til å forklarast.» «Å, kva då?» spør den framande. «Den forferdelege krossfestinga av Jesus frå Galilea,» seier dei. «Å, det vil eg gjerne høyre om,» seier den framande. «Høyre om?» ropar dei i kor. «Kor har du vore??»

Denne ordvekslinga er henta frå ein barnefilm om Jesus. Mykje bra i filmar for dei yngre!

Vi erfarer og opplever eit gjenskinn av oppstoda sitt mirakel når det uventa gode skjer, når vi blir tilgitt, når håpet gir menneske nye krefter til å ta imot framtida som ei gåve og ikkje som ein trussel.

Så kan vi ta fatt på alt det som ligg framfor kvar og ein av oss – anten det er å kjenne på uro i ei uroleg verd, klimakrise, eller dei kriser vi opplever i våre eigne liv.

Lyset frå oppstoda er likevel rundt oss.

Sjølv om vi ikke kan le påskelatter heile tida, så kan håpet frå Jesu



oppstode få leve i oss, også som eit stille smil sjølv i sorga.

Så la oss feire gleda denne påska i lyset frå den tomme grava. Kanskje kan gleda også vekse seg til latter, til påskelatter. Ingen ting er meir kristeleg denne dagen enn å le.

«Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er stått opp.» (Luk24,5-6)

God påske!
Knut Arne Kummeneje

Framsidedfoto: Knut Arne Kummeneje

ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m³ – 35 m³
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



Rekordresultat på Ljosheimbasaren



Årets Ljosheimbasar gjekk av stabelen laurdag 7. februar med kring 70 fram møtte. Knut Arne innleidde og framførde ein song av Sindre som truleg kjem med i den neste salmeboka. Mange kakebakarar hadde vore i sving, og etter to årsal var det tid for kaffiøkt.

Terje og Irene hadde sytt for rikeleg kaffi, og kakene smakte så godt at i siste årsalet

fekk vi selt ut alt vi hadde, 550 årar! Førhandssalet på bøkene, på COOP og Senteret, for første gong med 10 kroner loddet, gjekk greitt unna.

Om lag fire bøker vart utselde, så med matpengar kom basaren ut med 57 206 kroner, som m.a. skal nyttast til å kjøpe nokre nye panner til kjøkenet.

Takk til alle som selde og kjøpte lodd, alle som gav gevinstar, alle som baka kaker og dei som kom på basaren og gjorde sitt til det gode resultatet.

ALN

Velkommen til påskevandring i Dale!

Vi har tre kristne høgtider. I jula feirar vi at Jesus blei født. I påska feirar vi at Jesus sigra over døden. I pinsa feirar vi at dei første kristne blei døypt og fekk Den Heilage Ande.

Påska byrjar med at Jesus rei inn i Jerusalem på palmesøndag. Dette var starten på hans lidingssoge, der læresveinane åt det siste måltidet med han på skjærtorsdag, før Jesus dagen etter døydde på krossen.

Men det slutta ikkje der. For tre dagar etter stod han opp igjen av grava og sigra over døden. Dette var ei så fantastisk hending at denne bodskapan om hans oppstode spreidde seg over heile verda – også til Noreg. Det blei bygd kyrkjer og landet vårt blei styrt av kristne kongar, og kyrkja starta også dei første skulane i landet vårt. Kyrkja i Fjaler vil invitere born til å delta og



høyre om denne fantastiske historia som hende i påska for 2000 år sidan.

Det vil bli påskevandring for dei som fyller 9 år dette året. Første samling er torsdag 16. april kl. 11.45-13.15 i Dale kyrkje. I tillegg er det gudsteneste i Dale kyrkje søndag 19. april kl. 11.00 der borna vil få utdelt ei påskebok.

Vel møtt! Knut Arne

Nye klede for barnekoret

Etter mange år i raude kappar med kvite kragar har barnekoret no fått seg nye «uniformer». Dei nye korkleda er forhåpentlegvis tidlause og av god kvalitet, og vi vonar dei vil kle opp flinke korsongarar i lang tid framover. Behovet for nye kapper har meldt seg dei siste åra, både på grunn av at kappene naturleg har noko slitasje, men og for at kormedlemane er yngre no enn kva dei var tidlegare, så behovet for kapper i dei minste storleikane har vore større enn kva koret har hatt tilgjengeleg. Dei gamle korkappene er av uviss alder, men truleg frå slutten av 80-talet, eller enno eldre, dei er i alle fall ute av produksjon,

og ikkje lenger mogleg å få tak i. Då vi starta arbeidet med å fornye korantrekka vurderte vi ulike alternativ. Nye kapper syntse seg å vere ei svært kostbar investering, vi var også usikre på om kapper er ei god løysing, då gutane som har vore med i koret dei siste åra ikkje har ønskt å bruke kapper. Valet fall til slutt på nokre klassiske og heilt enkle genserar for gitar og jakker for jentene. Klede er einsfarga grå og i ull, og det er kjøpt inn i mange ulike storleikar, ettersom medlemstal og alderssamansetting i koret varierer. Dale barnekor ynskjer å takke soknerådet for støtte til innkjøp av nye korklede.

Solveig Nitter, styreleiar Dale barnekor

Vakker solosong i Dale kyrkje

17. mai vert det gjensyn med sopran Anne Marte Ospedal Haugen som vil syngje nokre av våre kjære nasjonalromantiske songar til tonefølgje av Mark Taylor på konsertpianoet. Ein fin måte å starte feiring av nasjonaldagen ved å høyre vakker song i festgudstenesta i Dale kyrkje kl. 11.



Foto av Jorunn Arstein Nes: Mark og Anne Marte



Søndag 2. august kan du høyre songarinne Marie Skadal syngja fine songar med si vakre stemme i sommar-gudstenesta kl. 11 i Dale kyrkje. Marie

formidlar songtekstane med innleving - sett av datoen no!

Hjarteleg takk for gáva til Ljosheim forsamlingshus, til minne etter Gerd Kleppe, det kom inn totalt kr 4373,-



Endeleg kan innbyggjarane i landsbyen drikke reint vatn. Det gir betre helse, og jentene får meir tid til skule. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er eit viktig bidrag. Foto: Kirkens Nødhjelp

Reint vatn har endra livet

Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livsviktig støtte til menneske som treng det. For Tsion og Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Tekst: Åsne Gullikstad
Foto: Håvard Bjelland

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Det går raskt å fylle kanna, og ikkje minst: Vatnet er reint.

Nyleg endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidreg til reint vatn her. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kvart år bidreg til dette arbeidet.

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Det tok lang tid, og dei fekk lite vatn. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON ER:

- Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.
- Over 40 000 frivillige bøsseberarar frå om lag 1200 norske kyrkjelydar i heile landet.
- To veker før påske. Aksjonsdagane i 2026 er 22.–24. mars.
- Temaet er: **Håp i ein droppe vatn.**
- I 2025 blei det samla inn om lag 36 millionar kroner.

ETIOPIA

- Kirkens Nødhjelp har vore til stades i Etiopia sidan 1974.
- **Plassering:** Aust-Afrika, på «Afrikas horn».
- **Innbyggjarar:** 132 millionar.
- **Hovudstad:** Addis Abeba.
- **Religionar:** Etiopisk-ortodoks kristendom, protestantisk kristendom, islam, lokale religionar.



Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon bidreg norske kyrkjelydar til at menneske kan få livsviktig støtte. Tsion (12) og Gaba (13) har fått reint vatn i landsbyen i South Omo sør i Etiopia. Foto: Kirkens Nødhjelp.

Kirkens Nødhjelp har skaffa vatn her saman med den lokale partnaren Action for Development (AFD). Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost.

– Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på overflata i elveleiet. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stansar vatnet her, fortel Gedewon Teka, vassekspert ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordoverflata. Vatnet blir filtrert inn i ein brønn like ved, gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på vassposten.

– Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.



Dør-til-dør-aksjon i Fjaler

Søndag 22. – tysdag 24. mars

I årets fasteaksjon fortset vi å seie: «Ja, vi elsker dette vatnet», fordi vi veit at reint vatn er livsviktig og heilt avgjerande for all utvikling. Dei siste åra har vi sett at det har skjedd ein positiv utvikling i mange land. Fleire har fått tilgang til reint vatn, men om vi skal ha håp om å nå utviklingsmåla som verdas politikarar har blitt einige om, må vi heile tida fortsetje å kjempe for denne viktige saka.

Konfirmantane i Fjaler vil vere med på dette, og gjennomfører ein dør-til-dør-aksjon på aksjonsdagen til

Kirkens Nødhjelp – i veka før palmesøndag. Dei fleste husstandane blir besøkt, særleg i Dale, Flekke og Våge. Det er også mogeleg å gje pengar på Vipps til 2426.

Konsert

Vi avsluttar fasteaksjonen med ein Solidaritetskonsert i Dale kyrkje **tysdag 24. mars kl. 19.00** der Fjaler kulturskule og elevar frå UWVC deltek. Kollekten går til fasteaksjonen.

Vi oppmodar alle til å ta godt imot bøsseberarane våre! Ditt bidrag er veldig viktig!

Tenk deg ein kvardag utan tilgang til reint vatn.

Dette er røynda for 800 millionar menneske. Støtt arbeidet vårt for reint vatn til dei som verkeleg treng det.

VIPPS til 2426



Livsriter

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|-----------------------------|------|------|------|------|------|
| Dåp | 23 | 28 | 14 | 29 | 35 |
| Konfirmasjon | 27 | 21 | 27 | 22 | 42 |
| Vigsel | 4 | 3 | 4 | 7 | 7 |
| Gravferd / Bisetjing | 35 | 28 | 29 | 18 | 24 |

Aktivitet i dei ulike kyrkjene – kapella. Tala i parentes er frå 2024

DÅP:

Vi har ei fast spalte om dåp i kyrkjebladet og på heimesida.

Det var 25 (25) i Dale kyrkje, 3 (2) i Guddal kyrkje, 0 (0) i Hellevik kapell, 4 (2) i Folkestad kapell og 0 (0) ved Korssundkrossen.

Det var 3 born busett i soknet som vart døypt i Lavik kyrkje og i Vilnes kyrkje.



VIGSEL:

Det var 6 (3) i Dale kyrkje, og 1 (1) i Guddal kyrkje.



KONFIRMANT:

22 (27) vart konfirmerte i Dale kyrkje, .1 (1) i Guddal kyrkje og 4 (3) i Folkestad kapell.



GRAVFERD/BISETJINGAR:

Fordelinga var 15 (13) i Dale, 0 (1) i Guddal, 3 (1) i Hellevik og 6 (3) i Folkestad.



Trivelege toåringar treftest

Som del av kyrkja sitt dåpsopplæringsprogram blir dåpsborna med foreldre inviterte til samling i januar året etter at dei fyller to år. Dette året var der 10 aktuelle, og sju av dei med foreldre, og eit par besteforeldre, var samla på Ljosheim 17. januar.

Opplegget er enkelt med sang, forteljing og tid til lek. Toåringane får også med seg heim ei bok som foreldre eller søsken eller andre kan lese i for dei og samtale om. Boka er meint som hjelp for foreldra til å innarbeide gode vaner for truslivet til barnet.

Teikneserien om sauen Krølle som går seg vill er ei nyillustrert utgåve av likninga om den bortkomne sauen. Krølle var også med på Ljosheim.

Samlinga har med ei stund rundt matbordet, denne gongen vart det servert vaflar, saft og kaffi.



Frå venstre: Linn Hovlandsdal med Viljar, Malin-Charlotte Ødemark med Torstein Andreas, Susann Solheim Hjartholm med Taran, Maria Del Pilar Sanchis Garcia med Erik, Ingrid Hovland med Aksel, Christopher Skadal med Alida, Eivor Flekke med Jens. Bak med gitar: Sokneprest Knut Arne Kummeneje.



Gravminner

Vi formidler Gravminner, Skrifttilføyelser,
Oppussing og Montering.

Ta gjerne turen innom for råd og
veiledning.

Fagmiljø

Vi holder til i Førde,
Øyrane Senter 2.etg - Firdavegen 20
Post@fagmiljo.no - Tlf: 57 72 10 60







Er påske grønt?

I populær kultur er gult fargen for påske og i kyrkja er påskefargen kvitt –fargen for Kristus-høgtidene, fest og glede, men er påske også grønt?

Grønt er fargen for vekst og livskraft – og det er nettopp om våren at nytt liv veks igjen frå det døde landskapet i naturen, Guds hage. Om våren feirar vi påske – Jesus var død, men stod opp til nytt liv.

Om våren plantar vi gjerne frø. Jesus sa: *Fell ikkje kveitekorntet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.* Joh 12,24

Jesus snakka om seg sjølv – han er frøet som døydde på krossen og vart «planta» i ein hage: *På den staden der Jesus var krossfest, var det ein hage, og i hagen ei ny grav som ingen endå var lagd i. Der la dei Jesus.* Joh 19,41-42

Jesus stod opp til eit nytt liv påskedagen, men Maria Magdalena tenkte at Jesus var gartnaren – ikkje så langt frå sanninga eigentleg, for Jesus er Ordet

som hadde skapt alt i Edens hage: *I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud. Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til.* Joh 1,1 og 3

Menneske fekk i oppdrag å passe på Guds eige dom – verda: *Så tok Herren Gud mennesket og sette det i Edens hage til å dyrka og passa han.* 1 Mos 2,15

Men vi har vore dårlege forvaltarar – kjærleiken til pengar og eigesjuka gjer at både naturen og medmenneska våre lid – vi øydelegg Guds hage i staden for å passe på den.

Maria stod ved grava og gret, men møtet med det nye mennesket, Jesus, gjorde at ho gjekk til læresveinane med budskapet: «Eg har sett Herren!». Og frøet Jesus har sidan gitt stor grøde.

Guds frelsesplan for menneske starta og slutta i ein hage, men etter Jesu oppstode, er hagen ikkje lenger ein plass for skam og død, men for håp og nytt liv – det er tida for ei restaurering av jorda vår, Guds hage, som Gud skapte



gjennom Ordet sitt, Jesus. Lat naturen leve! Ja, påske er grønt!
MT

Salme 210

På Golgata stod det ein kross, Jesus døydde på krossen.

I hagen var det ei grav, Jesus låg i den grava.

Men krossen er tom og grava er tom, Jesus stod opp og han lever.

Men krossen er tom og grava er tom, Jesus stod opp og han lever.



Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørnde, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget AS • Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569

DANS OG FELEMUSIKK – ORGELKONSERTEN PÅSKEDAG I FOLKESTAD BEDEHUSKAPPELL

Tradisjon tru held Mark Taylor ein kort orgelkonsert før høgtidsgudstenesta i Folkestad kapell, kl. 18.45 den 5. april. I år vert det framført to verk av Johann Pachelbel (1653-1706), som allereie som 21-åring



Foto av Atle Ness: Mark ved orgelet i Folkestad

vart katedralorganist i Wien og som seinare heldt mange organiststillingar i Tyskland, mellom anna i Eisenach, Erfurt og Nürnberg. Mark vil spele eit av Pachelbel sine mest kjende orgelverk, Chaconne i f-moll og Pachelbel sin berømte Kanon i D.

Chaconnen var opphavleg ein hurtig dans som oppstod i spansk folkekultur på slutten av 1500-tallet, men seinare vart dansen meir langsamt og framført som instrumentalt kunstmusikk. Pachelbel sin f-moll chaconne er ein av seks han komponerte for orgel og den byggjer seg opp til ei mektig avslutning med fullt orgel.

Guds folk har gjennom tida brukt dans til å uttrykke glede over Guds frelse, slik som det står i bibelsk salme 30:

Herre, du førte mi sjel opp frå dødsriket, du gav meg liv på nytt då eg var i grava.

Du vende mi dødsklage til dans.

Kristne tolkar Davidssalmane som profeti om Jesus - Langfredagens sorg og alvor vert til glede over oppstoda og nytt liv på påskedagen. I Pachelbel sin f-moll chaconne, er dødsklage vendt til dans!

Kanon i D vart opphavleg komponert for tre fiolar og generalbass, men verket er i dag ofte spela i bryllaup og gravferd, arrangert for orgel. Sidan 1968 har verket vore inspirasjon bak mange poplåtar som *Rain and Tears*, *Oh Lord*, *Why Lord* og Pet Shop Boys sin versjon av *Go West*. Den har også blitt brukt som reklamemusikk og i 1980 som musikken i Robert Redford sin film *Ordinary People*.

Kanon i D er i dag eit av dei mest kjende klassiske stykka i verda.

MT

NORSK FOLKEMUSIKK I DALE KYRKJE

Søndag 31. mai kl. 19.00 vert det konsert i Dale kyrkje med eit program av norsk folkemusikk. Naturleg nok medverkar Dalsfjorden Spelemannslag både med solonummer og i lag med Mark Taylor på orgelet.

Mark spelar også solonummer på orgelet, mellom anna Norsk orgelmesse ved brudevigsel av Ludvig Nielsen som inkluderer bruremarsj frå Valsøyfjord og Jæstra-brura, samt ein folketone frå Åseral (Med Jesus



vil eg fara). Du får også høyre Partiita over folketonen frå Vestfold "Siste Bud på Sinai" av Kjell Mørk Karlsen.

Eline Sundal spelar cello i lag med Mark i eit arrangement av Den store

kvite flokk og vil medverke med solosong og som dirigent av koret S P O R.

Vel møtt til ei fin stund med folkemusikk!

Lammetunbruas far, komponist, organist, dirigent og forfattar

For dei som hugsar historia om korleis Lammetunbrua kom til, er namnet John Lammetun kjent. Han fekk med rette tilnamnet «Lammetunbruas far». 95-åringen har heile yrkeslivet innan kyrkjemusikk og fekk for 25 år sidan Kongens fortienstmedalje i gull for innsatsen.

Atle Lyngstad Ness

Far til John, Alfred Lammetun, var tredje yngst i søskenflokket på 10, fødd 1901, og gifte seg i 1930 med eitt år eldre Synneve Skår. Dei busette seg i Oslo, der tvillingane John og Sigmunn vart fødte i 1931. Alfred utdanna seg til diakon, og han var både klokkar og organist i tillegg.

John bur på Nesodden saman med kona Anna Elisa f. Sørensen, fødd i Kabelvåg, der den vakre Lofotkatedralen ligg, og dei kan høgtide jarnbryllaup i juni. John rundar 95 den 22. mars, så no kjem jubilea tett på. Dei har fire born, 14 barneborn og sju, snart åtte, oldebarn. Begge døtrene bur i Amerika; California og Kentucky, ein son bur i Tønsberg og ein på Nesodden.

Fann brua i VG

- Men for dei som ikkje veit, kan du fortelje korleis du vart far til Lammetunbrua?

- Det hadde seg slik at ein dag i 1979 eg tok båten heim frå by'n kjøpte eg med meg eit VG. Der datt augo ned på ein liten artikkel: «Bro gis bort». Det var Vestfold fylkeskommune som ville gje bort Hvåra bru til den som kosta riving og vekkøring, fortel John og held fram:
- Eg tenkte straks på Lammetun som vanta samband over Følsundet, klipte ut artikkelen og sende den til fetter Oskar Lammetun med beskjed om at



Heime på Nesodden utvida John Lammetun huset med eit rom på 50 kvadratmeter og 3,55 under taket, for å få plass til orgel med ni stemmer, to manualar og pedal.

no måtte han be Askvoll kommune slå til. Så vart gjort. Då Oskar straks etterpå møtte som varamann i formannskapet, hadde han utklippet med til dåverande kontorsjef Peder Rekkedal. Slik begynte det.

Ikkje gratis, men viktig

Brua vart lenge heitande «gratisbrua», men så enkelt vart det dog ikkje, sjølv om det stod kroner null på prislappen til Vestfold fylkeskommune. Vi kan ikkje ta heile historia her, men berre konstatere at 9. juni 1983, vart brua offisielt opna med stor festivitas. Sjølv om den kosta oppsittjarane ein pen

slump, og Askvoll kommune tok sitt, har den vore til glede for alle.

Organist og lærar i 50 år

Men John Lammetun har fleire og langt større roller som «brubbyggjar» enn dette. Som 16-åring begynte han å studere kyrkjemusikk, orgel, klaver, komposisjon, song, pedagogikk og direksjon ved Musikkonservatoriet i Oslo. Alt i 1950 avla han høgare organisteksamen, og i 1952 høgare klaverpedagoisk eksamen.

I 1954 debuterte han som orgel- og cembalospelar i Oslo domkyrkje Han



I 1956 gifte Anna Elisa Sørensen og John Lammetun seg, så i juni kan dei høgtide jarnbryllaup.

var organist i sju år i Tøyen kyrkje, fire år i Lilleborg kyrkje, der han også dirigerte kor, ni år i Fagerborg kyrkje og avslutta med 28 år i Uranienborg kyrkje. Han var lærar ved Musikkonservatoriet i Oslo frå 1953 og lektor ved Norges musikkhøgskole frå 1973, førsteamanuensis og leiar for kyrkjemusikkfaggruppa same stad frå 1975.

Konsertar i mange land

Lammetun har vidareutdanning i kyrkjemusikk frå Sverige, Danmark og Nederland, og han har gitt ei rekke orgelkonsertar rundt i Skandinavia, Tyskland, Nederland, USA og på Island; og radio- og TV-konsertar i inn og utland. I 10 år var han dirigent for Musikkonservatoriets oratoriekor, som årleg framførde Bachs h-mollmesse, Juleoratoriet, Mozarts Rekviem m.m. Han har også sett tone til ein Svein



Det var stor stas og mann av huse då Lammetun-brua vart offisielt opna 9. juni 1983. Fremst køyrer Rolf Bjørn Aralden på traktor, og i mørk dress t.v. ser vi Oskar Lammetun, fetteren som fekk avisartikkelen om gratisbrua tilsend frå John. Attmed han går kona Gerd.

Ellingsen-salme som er med i den nyaste salmeboka.

Innsats til gull

John Lammetun var formann i Musikkhøgskolens orgelkomité og Fagrådsleiar i Kirkemusikk. I fleire år var han medlem i salmebok- og koralbokkomitéen for Den norske kyrkje, som resulterte i Norsk Salmebok 1984 og Norsk Koralbok året etter. Han gav også ut den første norske studiebok i polyfon koralimprovisasjon og ei omfattande bok om liturgisk spel som gjev innføring i emne som ikkje tidlegare er omtalt i Norge. Til sist nemner vi at han har vore med i Kirkens Utdanningsråd, Rikskonsertenes råd og sentralstyret i tidlegare Norges Organistforbund. For 25 år sidan fekk han Kongens gull for sin kyrkjemusikalske innsats og utdanning av kyrkjemusikarar.

Bygde orgel heime

- Du spelte orgel både på jobb og heime?
- Ja, husorgelet mitt var ferdig montert i 1984 og er framleis godt å øve på. Vi utvida huset med 50 kvadrat og med takhøgde på 3,55 meter for å få høgde nok. Svigerfar var møbelsnikkar, og han hadde ønske om å få byggje eit husorgel, så i samarbeid med orgelbyggjar Venheim fekk eg teikningar til eit ni stemmers orgel med to manualar og pedal. Attåt svigerfar, hadde eg også god hjelp av ein tremenning, fortel Lammetun.

Fleire turar over brua

- Har du brukt «brua di» ofte?
- Ja, mange gonger, seinast i fjor. Då sat vi på med son min som har bygt hytte på Lammetun. Alle søskenborna på Lammtunsida er borte, men på Skårsida lever fleire framleis, seier John, som tok initiativ til familietreff

for begge sidene i Folkestad bedehuskapell.

- Blir det stor feiring no då?
- Etter ein lang arbeidsdag pensjonerte eg meg i 1999, og eldste dottera som bur i Kentucky har visst planar om å gjere noko med det, fortel John.

Ein nestor i faget

Ein av dei mange elevane John har hatt, er Ivar Jarle Eliassen som var organist hos oss 1979-80. Ivar fortel at han hadde John Lammetun til lærar i orgelimprovisasjon på Musikkhøgskolen. Det var ei udelte glede.

- Lammetun er norsk kyrkjemusikks Grand Old Man. Han var ein svært trufast kyrkjemusikar i Uranienborg samtidig som han jobba å Høgskolen. John har spelt inn musikk som ligg på Youtube, heilt nydeleg utført, spelt på ein objektiv måte utan noko jåleri, lyder attesten frå Eliassen.



Anna Elisa og John Lammetun bur fint til i Bjørnemyrsvingen på Nesodden, der dei har halde til sidan 1956.

140 KORSONGARAR SAMLA I DALE



Det vart trangt om plassen då det store felleskoret med nær 90 songarar avslutta korkonserten med tre fellesnummer. Her dirigerer Kjetil Andreas Nydal i Kor Før'de felleskoret i «Why we sing» av Greg Gilpin.

Då Korforbundet Sogn og Fjordane og Dekor baud på konsert for ei god sak i Dale 24. januar, var om lag 140 songarar med. Om det har hendt nokon gong før, må vi nok attende til gamle dagar og Sunnfjord Songarsamband sine songarstemne.

Seks kor – vertskoret Dekor som blandakor, reint manns- og damekor, Kor Før'de, Cantus, Sande blandakor og til sist det store felleskoret med 80-90 songarar var i elden. Føremålet med dette fellestilltaket er at kora samlast og syng til inntekt for ei god sak. I fjor var dei i Askvoll, neste år står Førde eller Sande for tur. Den gode sak denne gongen var t Alpin redningsgruppe i Sogn, og dei fekk overskotet på kring 22.000 kroner.

Vertskapet Dekor hadde kafé i Ljosheim både før og etter konserten i kyrkja. Frammøtet av bygdefolk og tilreisande var kanskje venta større, men om lag 110 betalande tilhøyrarar fekk att for inngangspengane.

Om vi ikkje alle hadde lagt jula heilt bak oss, fekk vi både «Have yourself a merry little Christmas» og mannsdelen av Dekor song «O helga natt». Elles varierte repertoaret frå kjent stoff som «Når himmelen faller ned», «Den fyrste song» og «Han tek ikkje glansen av livet» til «Ubi Caritas» og avsluttinga «An Irish Blessing». Dei framømte fekk vere med på Jakob Sandes «Hymne» tonesett av Kjell Ivar Aase, som vekselsong.

SONGARSTEMNE FOR 85 ÅR SIDAN

I omtalen av korkonserten 24. januar, nemner underteikna at vi kanskje må langt attende for å finne så mange korsongarar samla i Dale. Eg har ikkje noko fasitsvar, men mellom alt «gale» eg samlar på, dukka det uventa fram eit program frå songarstemna i Dale 15. juni 1941. Så sjølv om det var krig i landet, samlast dei altså til stemne for snart 85 år sidan.

Den gongen var sju kor med - blandakor frå Dale, Holmedal, Salbu, Stongfjorden og Kalvåg, og Askvoll mannskor. Dessutan koret frå Flekke, men utan dirigent, skreiv Firda, utan å nemne tal songarar.

Også den gongen song dei for den gode sak: Halvdelen av eit mogleg overskot skulle gå til Nasjonalhjelpa. Vêret var dårleg, så konserten måtte flyttast til kyrkja, der pastor Moe heldt tale. Om kvelden var det songarfest i Trudvang, med mykje song og musikk. Lærar Ragnvald Fagerheim og formann i songarsambandet, Ola Espedal, heldt tale. Festmaten var mylse, og folk lika seg godt.



Inntrykket av stemna var at der er mange flinke kordirigentar i Sunnfjord, skriv Firda, utan å gje karakter til songarane.....

Attåt songkora, var Dale hornmusikk med i kyrkja, dirigert av Oddleif Fagerheim.

Atle Lyngstad Ness

Sjømannsprest – ein gammal draum

I studietida på MF tenkte Audun Systad at sjømannsprest, det hadde vore tingen. Men det vart 14 år i Jostedal, 16 i Balestrand og resten i Hyllestad. Altså: ein ekte sogneprest, med litt deltid i Sunnfjord dei siste 10 åra; i Askvoll, her i Fjaler og Flora. Men så vart han pensjonist, og endeleg sjømannsprest!

Atle Lyngstad Ness

Første bolken ute var halvannen måned i Alanya i Tyrkia 2024, der dei også feira jul det året. Og no i år pakka dei koffertar og tok ned jula heime på Sørbovåg før dei sette seg på flyet til Gran Canaria 5. januar.

Mange frå heimfylket

- Har det svart til forventningane?
- Ja, absolutt. Stasjonen her i Arguineguin er «flaggskipet» blant sjømannskyrkjene og tek årleg imot mange fleire enn i Alanya, mellom anna mange par som vil gifte seg her, seier Audun.
- Men Kari og du er ikkje dei einaste sogningane?
- Nei, kyrkja ligg svært fint til, og mange frå våre kantar kjem innom. Det er kort veg mellom Puerto Rico, der mange ferierer, og Arguineguin. Eg høyrer ofte både sunnfjordingar og sognamaol. Kari og eg er sesongarbeidarar og har travle, men innhaldsrike dagar, fortel Audun. Han legg til at tremenning og studiekamerat Karl Hjelmeland har og vore ein god samtalepartnar i å realisere denne draumen. Han var med å byggje opp stasjonen her, og då han var på Lanzarote i 2011 besøkte vi han der.

Varierte oppgaver

Som døme på variasjon i oppgåvene, nemner han at ein dag han heldt på å førebu ein vigsel, stod ei dame



Audun Systad har hatt fleire gudstenester i den katolske kyrkja. Sist kom det over 230 menneske.



Audun og Kari Systad på strandtur med jublant Gunnar Rønneseth og kona Lise Randi. Playa del Cura i bakgrunnen.

i 80-åra i kø utanfor «kjerka». Der skulle vere konsert med Henning Sommero, eitt av mange kulturinnslag. Dama var så fortvila for då ho gjekk langs stranda, hadde nokon opna ryggsekken og raska med seg lommebok og telefon. Audun hadde ikkje tid å hjelpe nett då og bad sesongdiakonen ta saka. Den enda godt, heldigvis, telefonen kom til rettes og nesten alle kontantane. Og Audun fekk vie paret frå Stavanger.

Mange til gudsteneste

- Ein heilt spesiell dag for dei, og eg kjenner dette er meningsfullt og godt å få vere ein del av, seier Audun.
 - Kva består oppgåvene dine mest i?
 - Hovudsakleg er det vigslar, samtale med folk og annakvar søndag kveld gudsteneste i den katolske kyrkja, som Sjømannskyrkja leiger i høgsesongen fordi der er plass til mange fleire. Då kjem ofte godt over 200 menneske, seier Audun.

Det vart trangt om plassen i Sjømannskyrkjas eige kyrkjerom då dei baud inn til «Salmer blant palmer». Dagleg leiar Einar Weider er ikkje berre prest, men også ein eminent musikar. Han spelte til første gudstenesta Audun hadde. Det kom 120 til salmekvelden, og fleire måtte sitje ute under open himmel. Men i den vakre, varme kvelden, hadde dei inga naud der. Og sangen og musikken fekk dei del i.

Vaflar, graut og grønne fingrar

- Og Kari går ikkje gjerandslaus heller?
 - Nei, då. Ho er mykje på kjøkkenet. Vaflar veit du er populært, like eins laurdagsgrauten, seier Audun, som ordna henne litt ekstraarbeid òg.
 - Er det nokon som har grønne fingrar og kan sjå litt til hagen vår? spurde Weider ein dag. Då peika eg på henne som sat attmed meg, Meir søknad trongst ikkje, Kari fekk jobben. Slik fordelest oppgåvene, fortel Audun.

Bursdag og fotturar

- Men de har vel litt fritid også?



Besøk heimanfrå på tacokveld, f.v. Knut (frå Korssund), Joakim og Reidun Skår og Kari Systad.



Kari og Audun tek gjerne fleire oppdrag for Sjømannskyrkja, her på Gran Canaria eller andre stader.

- Måndag er fridag. Ein laurdag hadde me 70-årsmarkering med kake for Gunnar Rønneseth heime frå Hyllestad, og måndagen etter

møtte vi jubilanten og kona Lise Randi i Puerto Rico, der dei budde den veka. Dei er forresten det andre paret eg vigde, det var heime i



Sjømannskyrkja ligg fint til heilt i sjøkanten, Calle La Lajilla 18, Arguineguin.

Hyllestad, då eg var feltprest på Heistadmoen ved Kongsberg. Det første paret vigde eg der. Måndag gjekk vi den fine promenaden bort til Amadores-stranda, der vi åt lunsj. Det er også fint å gå vidare til Playa del Cura. Her vantar i det heile ikkje turvegar. Ein dag gjekk vi til Norskeplassen og så «heim att» til Arguineguin saman med nokre andre av sesongarbeidarane, ein fin flokk frå ulike delar av landet, seier Audun.

«Kjerka» er for alle

- Så sjømannsprest vart du, seint, men godt?

- Ja, det kan du seie. Om det legg seg til rette, vil vi ha fleire slike opphald framover, gjerne her, eller ved ei anna sjømannskyrkje. Arguineguin er ein spennande og gjevande stad å vere. På terrassen ved kyrkja heng det ein vakker kross,



Kari steikjer vaflar saman med Marianne frå Kragerø.

visstnok samansett av vrakdelar; eit bilde på at her er det rom for alle, også dei som måtte kjenne på at ikkje alt vart slik dei hadde håpa. Krossen

gjev oss håp og møter oss med ei helsing og ei hand ovanfrå. Du er verdifull! Velkommen heim! sluttar Audun sjømannsprest.

KONFIRMASJONAR I FJALER 2026

Folkestad 25. april kl. 11

Nicolas Lammetun Dale
Åsne Eiken
Ole Telle Grytøyra
Savannah Landro Hjelle

Dale kyrkje 2. mai kl. 10 og kl. 12

Emilie Nedrebø Arstein
Jenny Karoline Øen Gjestad
Anine Lervik Hauge
Amanda Skår Haugsbø
Nikolai Westengen Helle
Milla Isabell Asperheim Holm
Øystein Nitter Hovland
Jakob Overdevest Jarstad
Dmytro Kozub
Egil Svarstad Løkkebø
Odin Høydal Løseth
August Bjørvik Myklebust
Madikken Myklebust Norddal
Ingvild Nistad Nordrumshaugen
Sigrid Nistad Nordrumshaugen

Serafyma Pivovarova
Fillip Helle Rochlenge
Arshin Sami
Milan Sande-Neset
Sofie Heggøy Solheim
Milda Liu Solheim
Saga Sofia Willemoes Systaddal
Tuva Aasen Sætenes
Mari Loreense Stang Sævik
Jakob Valvik
Vegard Solheim Valvik
Marcus Høyvik Ødegård
Emil Øen
Victor Johan Øen
Bjørn Igelkjøn Åsnes

Guddal 14. mai kl. 12

Liv Stueland Gallefoss

Guddal 22. august kl. 11

Emma-Linea Langeland
Leah Steinseth Dingsøy

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no



Vil du vere med og gjere ein forskjell i kyrkja i Fjaler?

Vi treng DEG som frivillig!

Kyrkjelyden i Fjaler er eit levande og varmt fellesskap – og no treng vi fleire hender og hjarte som vil vere med og bidra. Det finst mange måtar å vere frivillig på, og du treng ikkje ha erfaring – berre eit ønskje om å vere med!

Vi søker frivillige til:

- Praktiske oppgåver ved arrangement – som servering, rigging og pynting
- Barnekor og musikkaktivitetar – har du songglede eller spelar eit instrument?
- Tekstlesing i gudstenester – del Guds ord med andre
- Vertskap og kyrkjevertar – ønsk folk velkomen med eit smil
- Aktivitetar for born og unge – leik, hobby og fellesskap

Snakk med oss i kyrkja eller kom innom kyrkjekontoret i opningstida – vi tek gjerne ein prat.

VELKOMEN TIL KYRKJE

Søndag 22. mars

Dale kyrkje kl. 19.00: Samtalegudsteneste med konfirmantane frå heile Fjaler.
Offer til Kirkens Nødhjelp - Fasteaksjonen

Tysdag 24. mars

Dale kyrkje kl. 19.00: Solidaritetskonsert med kulturskulen og UWC. Offer til Kirkens Nødhjelp - Fasteaksjonen.

Skjærtorsdag 2. april

Guddal kyrkje kl. 19.30: Påskegudsteneste.
Guddalskoret deltek. Offer til Strømmestiftelsen.

Langfredag 3. april

Dale kyrkje kl. 19.00: Pasjonsgudsteneste med lesing av lidingshistoria og krossmeditasjon.

Påskedag søndag 5. april

Dale kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste.
Song v/ Cantus og kornett v/ Simon Skår Haugsbø.
Offer til Strømmestiftelsen.

Folkestad kapell kl. 18.45: Orgelkonsert kl. 19.00.
Høgtidsgudsteneste. Offer til Strømmestiftelsen.

Søndag 19. april

Dale kyrkje kl. 11.00: Bornas påskegudsteneste.
Påskevandrarar og Dale barnekor deltek. Utdeling av påskeboka. Offer til SOS Barnebyer.

Laurdag 25. april

Folkestad kapell kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste.
Offer til barne- og konfirmantarbeidet.

Laurdag 2. mai

Dale kyrkje kl. 10.00 og kl. 12.00:
Konfirmasjonsgudstenester. Offer til barne- og konfirmantarbeidet.

Helgetorsdag 14. mai

Guddal kyrkje kl. 12.00: Konfirmasjonsgudsteneste.
Guddalskoret deltek. Offer til barne- og konfirmantarbeidet.

Søndag 17. mai

Dale kyrkje kl. 11.00: Festgudsteneste.
Solosong v/ Anne Marte Ospedal Haugen.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Guddal kyrkje kl. 13.00: Festgudsteneste. Guddalskoret deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Pinsedag søndag 24. mai

Dale kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste.
Cantus deltek. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Folkestad kapell kl. 14.00: Høgtidsgudsteneste.
Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Søndag 31. mai

Dale kyrkje kl. 19.00: Folkemusikkonsert v/Dalsfjorden Spelemannslag, Eline Sundal (cello, song) S P O R og Mark Taylor (orgel). Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Søndag 7. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste for skaparverket.
Dale barnekor deltek. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Søndag 14. juni

Guddal kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste for skaparverket.
Guddalskoret deltek. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Folkestad kapell kl. 14.00: Gudsteneste for skaparverket.
Konfirmantinnskrivning. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Søndag 21. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Konfirmantinnskrivning.
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Søndag 2. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Solosong v/ Marie Skadal. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Korssundkrossen kl. 14.00: Friluftsgudsteneste. Offer til kyrkjelydsarbeidet. I tilfelle dårleg vær, i Folkestad kapell.

Søndag 16. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Sjekk www.kyrkja.no/fjaler, facebook.com/FjalerKyrkja
Eller sjå «Det skjer» i Firda på nett for oppdatert informasjon

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særskild viktig oppgåve.

Tekstlesaren les bibelteksar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

I kyrkjelyden sidan sist

Døypte

| | | |
|-------------|--|--|
| Dale | 14.02.26 | Isak Viken Skivenesvåg |
| 14.12.25 | Dmytro Kozub Ingvild Nistad Nordrumshaugen | 01.03.26 Olai Hove Vagstad |
| | Folkestad | |
| 18.01.26 | Sigrud Nistad Nordrumshaugen Arshin Sami | 11.01.26 Frida Furset Folkestad Alva Eldbjørg Aliisa Barsnes |
| 01.02.26 | Iver Arstein Hellebust Liana Aase Ramstad | 22.02.26 Vidar Follevåg Stølen Døyp i Holmedal kyrkje |
| | Lionel Julfa-Løseth Levi Flekke Skadal | |

Vigde

| | | |
|-------------|----------|---|
| Dale | 14.02.26 | Ann-Cecilie Viken og Matias Skivenesvåg |
|-------------|----------|---|

Døde

| | | | |
|------------------|------------------------|-------------------------------|---------|
| Dale | 06.12.25 | Sigurd Olai Skaar | f. 1939 |
| 14.12.25 | Anna Atterås | | f. 1936 |
| 18.01.26 | Gerd Kleppe | | f. 1937 |
| 04.02.26 | Laila Høivik | | f. 1942 |
| 13.02.26 | Lena Marie (Tulla) Bye | | f. 1938 |
| 14.02.26 | Signe Nitter | | f. 1946 |
| 14.02.26 | Hermund Høgheim | | f. 1937 |
| 18.02.26 | Norvald Standnes | | f. 1936 |
| Guddal | 06.01.26 | Ruth Hatlebrekke | f. 1950 |
| Folkestad | 02.11.25 | Solbjørg Norunn Midtbø Vaulen | f. 1951 |
| 01.02.26 | Ingrid Else Folkestad | | f. 1932 |

VIL DU BESTILLE DÅP?

Du kan nå melde inn dåp elektronisk på vår heimeside: www.kirken.no/fjaler/

Der kan du registrere barnet og velje dato for dåp. Velg kyrkje og dato der det er ledig plass – alle datoane som kjem opp i lista er gudstjenester med dåp.

Har du spørsmål, ta kontakt med kyrkjekontoret på post.fjaler@kyrkja.no eller tlf. 405 09 452



facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook:
www.facebook.com/FjalerKyrkja

Her finn du oppdatert informasjon om
gudstjenester, konsertar, osv.

Vi har også heimeside: www.fjaler.kyrkja.no


**NULL
STRESS**
VI TAR DET PÅ
vipp

Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 350 for året.

Redaktør: Knut Arne Kummeneje og
Hildegunn Helleset

Prent: Printfarm AS

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.kyrkja.no/fjaler

Fjaler sokn

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 40 50 94 52

post.fjaler@kyrkja.no



Kyrkjekontoret er ope

Tysdag, onsdag og torsdag
kl. 09.00–14.00

Tilsette med kontorplass:

Sokneprest Knut Arne Kummeneje

mobil: 908 55 230

kk824@kyrkja.no

Kyrkjevevjerje Kristin Kalstad

jobb: 40 50 94 52

mobil: 917 15 126

kk636@kyrkja.no

Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449

mt884@kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321

hh696@kyrkja.no

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje

Gravferd: Nadiia Vysochanska tlf.: 909 57965

Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf.: 482 49547

Guddal kyrkje

Ihor Tarnavskiy

Folkestad kapell

Kontaktperson: Randi Frøtland tlf.: 909 57 857

Vedlikehald av Hellevik og Folkestad

gravplassar Jostein Folkestad tlf.: 913 41493

Fjaler sokneråd

Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Vipps #899129 Ljosheim

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

Velkomen til påskegudsteneste!

Skjærtorsdag

Guddal kyrkje kl.19.30

Guddalskoret deltek

Offer til Strømmestiftelsen

Langfredag

Dale kyrkje kl.19.00

Gudsteneste

1. Påskedag

Dale kyrkje kl.11.00

Høgtidsgudsteneste med Cantus

Offer til Strømmestiftelsen

Folkestad kapell kl.18.45

Miniorgelkonsert før

høgtidsgudstenesta kl. 19.00

To verk av Johann Pachelbel

Offer til Strømmestiftelsen